

## Svanepar med sju ungar på Stølavikjo.

05.06.2020



Ei knoppsvane med sju ungar på Stølavikjo.

**Ved badestranda på Stølavikjo møter du på eit svanepar med heile sju ungar. Hoa ligg og passar på flokken. Ho markerer plassen med eit fres, men er elles roleg og lite trugande. Hannen ligg ute i vatnet og bryr seg lite. Av to svanesortar, som ruger i Noreg, er dette ei knoppsvane.**

Plassen nedom skulen og tett ved naustet til Torbjørn og Egil Myklebust er ein av fleire samlingsplassar for svaner. Skulen har med andre ord stutt veg til ein interessann læringsplass om svaner, som er ein andefugl.

Svanene er skinande kvite. Ungfuglane er gråbrune til 1,5 - 2 års alderen. Ei knoppsvane har gulraud nebb med stor svart knopp eller knel mellom nebbryggen og augo. Knoppsvanene er den tyngste flygande fuglen i verda med ei vekt mellom 9 til 23 kg.

Vi finn heile sju artar svaner. Berre to, knoppsvaner og sangsvaner, rugar i Noreg. Sangsvanene er mindre og har sitrongul nebb med svart spiss. Namnet kjem av den sterke lyden (sangen) frå fuglen. Knoppsvana er stum, men markerer med freselydar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal